

**Fest-uro vart roa ned**

27.10.2013

**Ved midnatt la politiet ut melding om slåsskamp på Helgheim. Det var to gutar som slåst og ein person skulle ha vorte skalla ned, seier operasjonsleiar Terje Magnusen i Hordaland politidistrikt til bladet Sunnhordland.**

Politiet rykte ut. Då roa dei involverte seg ned att og den nedskalla hadde det tilsynelatande bra, opplysar politiet til bladet.

Kvinnheringen melder at den eine av dei som sloss forsvann frå staden. To timar seinare var det samme type bråk, men det var roleg då ein politipatrulje kom til staden.

Festfolk i Helgheim seier til uskedalen.no at opplysningane i avisene om det som fann stad er sterkt overdrivne og at den påståtte slåsting i verste fall kan karakteriserast som 'knuffing'.

Av Ola Matti Mathisen